

Kolosser vaklar, men står

Av Per Anders Todal, 25.09.08

USA er i krise, men vil vere ei supermakt svært lenge enno, meiner Prio-direktør Stein Tønnesson.

Ein liten statusrapport, september 2008: Økonomien i USA er kanskje i si djupaste krise sidan 1930-talet. Russland har audmjuka USAs ven Georgia og sender krigsskip inn i karibiske farvatn. Latinamerikanske statsleiarar spottar president Bush på det grovaste. Militärmakta til USA maktar ikkje å få avslutta krigen i Afghanistan, og i Irak får Iran stadig større påverknad. Dette liknar ein tendens som ein ikkje treng vere Johan Galtung for å sjå: Supermakta USA er svekt.

Kva som eigentleg er historiske vendepunkt, veit ein gjerne ikkje før mange år etterpå. Men det vi no ser, kan likne eit tidsskilje. Er dette byrjinga til slutten på ei verdsordning med USA som den dominerande stormakta? Dag og Tid oppmoda Stein Tønnesson, direktør ved Prio senter for fredsforsking, til å tenkje stort.

Overmot

- Dei utviklingstrekka du peikar på, heng saman med kvarandre. Somme har spådd USAs undergang ei god stund. Men eg trur USA har sjansen til å hente seg opp att og vere den leiande stormakta i verda langt ut i dette hundreåret. Det avheng av leiarskapen. USA er handlingslamma til landet får ein ny president, seier Tønnesson.
- Eg utelukkar ikkje at vi på sikt vil sjå ein nedgang for makta til USA. Men den kan skje veldig gradvis og langsiktig. Og landet vil hente seg inn att etter krisa som har oppstått under Bush.

Stein Tønnesson forklarer dagens svekking av USA med eit overmot som vaks fram på 90-talet.

- 1900-talet har blitt kalla «Det amerikanske hundreåret». På 90-talet var det mange i USA, ikkje berre dei nykonservative, som meinte at USA måtte vere på hogget for å sikre seg eit hundreår til. Det fanst ei allmenn oppfatning av at USA ikkje hadde utnytta makta si godt nok til å skape verda i sitt bilete. Etter 11. september spenn denne tenkinga ut av kontroll. Folk i nøkkelposisjonar i Det kvite huset og Pentagon kjende ikkje grenser, og undergrov den politiske, økonomiske og kulturelle posisjonen til USA i verda.

På lånt tid

Bush-administrasjonen ber sjølv sagt mykje ansvar for krisa USA no er oppe i, meiner Tønnesson.

- Regjeringa har ført ein uansvarleg skattepolitikk som ikkje har skaffa inntekter nok til å handtere dei offentlege utgiftene.

Det største problemet er at USA ikkje kan betale framtidige trygder og helseutgifter på grunn av skatteletten. Kostnadene med krigane til USA er eigentleg ganske låge i forhold til dei komande sosiale utgiftene. Det er ikkje mogleg å halde fram med dei låge skattane.

Men kanskje kan finanskrisa no faktisk vere til hjelp. Staten må gå inn med enorme utgifter for å redde økonomien, og kanskje kan dette gje grobotn for ei slags New Deal-tenkning.

USA har mange kvalitetar som kan sikre landet ei leiarrolle i mange tiår enno, understrekar Stein Tønnesson.

– Blant dei attraktive trekka til USA er det at landet ikkje har tradisjon for å bli ståande som okkupantar i andre land. Det vil skje også i Irak og Afghanistan. USA har òg ein inspirerande kultur som er attraktiv rundt i heile verda. Det tek lang tid å byggje opp noko slikt. Verdas beste forskingsmiljø er i USA. Og det er først når USA tek ei leiarrolle i klimaspørsmålet, at det vil bli fortgang i utsleppsreduksjonane. Den militære dominansen til USA vil òg vare langt ut gjennom hundreåret.

– **Men også den militære styrken er avhengig av ein sterk økonomi?**

– Ja, og noko av det uansvarlege med Bush-administrasjonen er at han har vore svært generøs med militæret samstundes som han har kutta skattane.

Få tronarvingar

Så kan ein spørje seg: Kven kan ta over USAs posisjon i verda? Ikkje mange.

– Europa er ikkje einskapleg nok. Russland er ikkje i nærleiken, økonomien er for liten og folketalet fell. Japan har lenge vore i stagnasjon. Den einaste kandidaten er Kina. Men kinesarane veit godt at dei er militært underlegne USA. Dei vil ikkje utfordre overmakta til å agere militært. Kinesarane er varsame, og har til dømes ikkje satsa stort på interkontinentale rakettar. Dei har skjønt at dei må byggje opp økonomien sin gradvis, seier Tønnesson.

Men også økonomisk vekst kan tolkast som trugande av Washington. Statsvitaren John Mearsheimer har lenge talt for at dersom Kina blir for sterkt økonomisk, må USA gripe inn og konfrontere utfordraren – om naudsynt med militære middel.

– Tankane til Mearsheimer har blitt mykje diskuterte, både i USA og Kina. Men i det siste har han moderert seg. Kinas BNP går neppe forbi USAs før i 2030 eller 2040. Og også i Kina vil veksten bremse på grunn av ei aldrande befolkning. Dermed treng ikkje denne konfrontasjonen å kome.

Målt i BNP har USA vore den største økonomien i verda i 120 år. Somme økonomar spår at Kina kan vekse forbi USA alt i 2020.

– **Om eller når dette skjer, er det vel eit ganske dramatisk tidsskilje?**

– Det kan bety ein god del symbolsk sett. Men det er jo ikkje slik at vi utan vidare vil

merke noko spesielt når det skjer. Alt i dag har Kina til dømes passert USA i CO2-utslepp og i forbruk av mange råstoff, utan at det er noko dramatisk ved det.

Ny kurs

– Om USA skal kunne halde på maktposisjonen sin, krev det i alle fall at dei får kurert økonomien?

– USA må både kurere økonomien og legge han om. Den radikalt liberalistiske modellen går ikkje om staten skal leve opp til pliktene sine. Og det krev ei haldningsendring. Den tradisjonelle løysinga for stormakter i slike situasjoner har vore å ta ressursar frå andre land med makt, men da måtte USA bli ei tradisjonell kolonimakt. Det er lite aktuelt. I dag baserer USA seg på lån, men dei må betalast attende.

Stein Tønnesson skisserer eit mogleg harmonisk scenario for dette hundreåret:

– USA lærer av dei enorme feila under Bush, og opptrer meir ansvarleg. Landet sikrar framhald av den institusjonelle, kulturelle og politiske påverknaden sin. Kina ser at det beste er å halde seg inne med USA, og det multilaterale samarbeidet i verda blir styrkt. Det er eit roseraudt, men tenkjeleg scenario.

– Da Storbritannia såg USA vekse fram som stormakt, valde britane å samarbeide i staden for å kjempe. Kan vi få ei liknande utvikling mellom USA og Kina?

– Eg vil ikkje utelukke det. Det krev ei demokratisering i Kina, og ei løysing av Taiwan-spørsmålet. Da kan USA og Kina få eit sterkare tillitsforhold, sjølv om dei ikkje står kvarandre nært kulturelt. Men veksande kinesisk nasjonalisme kan bli eit trugsmål mot ein slik tillit.

Fridomens land

– «De kjem ikkje til å like det som kjem etter Amerika», skreiv Leonard Cohen i eit dikt. Er det positive sider ved USAs leiarrolle i verda som ikkje har blitt tilstrekkeleg verdsette?

– Eg har sjølv blitt mykje meir proamerikansk under Bush-perioden, for eg oppdaga at eg sakna den rolla USA spelte under Clinton. Da viste USA eit etterhald i maktbruk som var tillitskapande. Ei supermakt treng ikkje bruke mykje vald for å bli respektert.

– Den europeiske venstresida har ikkje hatt mykje til overs for den USA-dominerte verdsordninga. Kanskje vi kjem til å sakne den ordninga ein dag?

– Eg trur det er viktig at den europeiske venstresida byrjar å gjenoppdage ein del av USAs verdiar, ikkje minst når det gjeld fridomstradisjonen. Det er ikkje lett å sjå for seg nokon annan garantist for den tradisjonen i verda i dag, seier Stein Tønnesson.